

PROTOKOLL INSTITUTTSTYREMØTE 01.09.2010

Møtestad: Møterom 342, Christiesgt. 13
Møtetidspunkt: kl. 09.00-11.00

Tilstades: Rune Krumsvik, Kariane Westrheim, Steinar Bøyum, Øystein Steine Larsen, Ingvild Haugen, Astrid Tolo, Herner Sæverot
Forfall: Arild Raaheim, Marit Ulvik, Ingrid Helleve, Rune Herheim

I

Godkjenning av innkalling og saksliste.
Innkalling og sakliste vart godkjent.

II

Protokoll frå instituttrådsmøte 11.08.2010
Protokollen vart godkjent.

III

Fullmaktsaker
Ingen fullmaktssaker.

IV

Orienteringssaker.
Instituttleiar Rune Krumsvik orienterte om følgjande saker:

- Kick-off for instituttet
- Møteplass for programstyrarar, forskingsgruppeleiarar og instituttleiinga: etter diskusjon i instituttrådet vart eit slikt møte tilrådd å haldast ein gong pr. semester.
- Plan for utviklingssamtaler tilsette ved instituttet
- Styringsdialogmøter for forskingsgrupper og programstyrer på instituttnivå
- 1-årig PPU – oppretting av nytt programstyre (lærarutdanningsutval)
- Status tilsettingsaker

Adm.sjef Øystein Steine Larsen orienterte om følgjande saker:

- Budsjett og rekneskap Institutt for pedagogikk – status
- Førespurnader frå eksterne phd-søkarar som ønsker rettleiing
- Høyringsinnspel til Organisering av Universitetsbiblioteket
- Høyringssaker – rutiner ved fakultetet
- Retningslinjer disputasavvikling

V

NYE SAKER I DETTE MØTET

15/2010 LØYVING EKSTRA MIDLAR FORSKINGGRUPPER:

Kvar av dei fem nye forskingsgruppene fekk etter vedtak i instituttrådet 31. mai som oppstartskapital vidarefordelt 30 000 kroner frå såkornsmidlene til PLP. I tillegg kunne desse forskingsgruppene søke instituttet om

ytterlegare midlar til definerte behov eller prosjekt. Frist for å søke om ytterlegare midlar vart satt til 20. august 2010. Invitasjon til å søke vart sendt ut til forskingsgruppeleiarane like i etterkant av møtet, med påminning i forkant av søknadsfristen. Innan fristen kom det inn tre søknader i storleiken 13 000, 30 000 og 60 000 kroner. Før handsaming av saka forlet Herner Sæverot og Kariane Westrheim lokalet då desse sto bak to av søknadene og såleis vart rekna som ugilde.

Vedtak:

Det blir løyvd ekstra midlar til alle tre søknadane. Forskingsgruppa KUD får tildelt dei 13 000 som den søker om. Forskingsgruppene UP og Bildung, kunst og pedagogisk filosofi får løyvd 30 000 kroner kvar. Justeringa i høve summene som blir løyvd og det blir søkt om for desse to søknadane tek utgangspunkt i at eigenandelen frå tidlegare løyvde midlar blir lik for baae gruppene – 30 000 kroner.

16/2010 Eventuelt

Ingen saker

Referent: Øystein Steine Larsen